



ÅRSMELDING FOR 1990

Keipen Turlag, Bremanger kommune runda den 9. februar eit år.
Gratulerer med dagen til oss alle.

Denne dagen er ein merkedag. Vi har forlete "puppe-stadiet" og vandrar inn i "larve-stadiet" rikare på erfaringar av så mange slag. Desse kan vi nytte oss av for å nå fleire av dei som likar å gå på tur med vande og kjende fjellfolk. For laget trengst, det viser frammøte på turane våre.

Når det gjeld turane som laget har stått for, har vi hatt til saman ni turar i det første virkeåret. Av desse vart fire avlyst p.g.a. dårlig vær. Noko vi må forvente oss her på denne våte kant av landet.

Som ein konsekvens av dette har laget ein "turtelefon" som er betjent av Svelgen Hotell på tlf. 93301, og verkar på den måten at opplysningar, avlysingar og anna aktuell informasjon skal vere tilgjengeleg der. Dette gjennom eit elles nært samarbeid med Svelgen Hotell.

I tillegg til dei overnemnte turane hadde laget noko vi kalla "onsdagsturar" frå våren og fram til oktober. Dette var eit tilbod til alle om ein liten ettermiddagstur på eit par/tre timer i nærliggjande turområde. To grupper, ei på Bremangerlandet og ei i Svelgen. Frammøte må vi seie var relativt bra. Det er meininga å halde fram med denne ordninga i år.

Sist sommar var heksene sitt år i kommunen, dei fekk fritt spelerom og gjorde mykje av seg både høgt og lågt. Om ikkje sopelima var den verkelege drivkrafta til heksene, var musikkraft og pågangsmot verkelege nok for dei over 120 besøkande på Hornelen (860 moh) den 30 juni.

Eg tenkjer på Heksefestivalen frå 29.juni til 1.juli der laget i samarbeid med Røde Kors i Ytre Bremanger og i Florø stod for føringa og for tryggleiken ved turane frå Berleneset til toppen. Noko vi fekk liten takk for frå arrangørane.

Men det greidde vi godt, samt at vi har gjort oss erfaringar til seinare.

Laget har også vurdert eit tilbod vi fekk frå Elkem Bremanger Smelteverft A/S om å overta Knekkevasshytta i Svelgsdal, der dei skulle halde material, samt sette den i stand utvendig. Vi skulle ta det innvendige dugnadsarbeidet. Dette var eit svært lukrativt tilbod frå eigaren, men p.g.a. plassering og at laget er såpass nyopprettet, kom styret fram til å takke nei.

Av anna arbeid laget har vert med på kan eg nemne deltaking i "Turkart over Ålfotbre-området". Dette starta med eit samarbeid mellom Flora kommune, Bremanger kommune, Sogn og Fjordane Turlag, Flora Turlag og Keipen Turlag. Vi kom med etter ein førespurnad frå Bremanger kommune, HPM v/Kristin Syvertsen. Arbeidet har bestått i å teikne inn ruter, skrive rutebeskrivelse og bidra med t.d. fotografi som skal vere med på "tekst-baksida" på kartet (informasjon). Kartet ventast ferdig våren/forsommaren i år og har ein målestokk på

1 : 80 000. Noko som vil seie at området frå Hyenfjorden i sør til midt på Bremangerlandet i vest, sør om Florø i sør til Nordfjord i nord, kjem inn på eit og same kart mot om lag 9 stk tidlegare (1 : 50 000). Det skal bli moro og lettvint!

Som ein direkte konsekvens av kartarbeidet tar laget sikte på å merke ein del ruter i kommunen. Dette er eit viktig arbeid og må sjåast på i eit større perspektiv enn eit par år framover. Standarden på merkinga må/bør halde det nivå som t.d. DNT held. Det er sendt søknad til Fylkets Miljøavdelinga om støtte til merking og tilrettelegging av ruter i kommunen. Sjansane for å få støtte er liten, kampen om desse midlane er stor. Men håpet er der.

I fjar vår fann styret i laget ut at vi måtte ha eit emblem som viste oss ut ad. Konkurranse vart utlyst. Forslag kom inn frå det meste av kommunen. Til slutt vart vi sitjande at med 5-6 forslag der vinnaren etter styret si vurdering var klar. Edvin Vårdal, Svelgen vart kåra til vinner med motiv frå Keipen. Emblemet er ferdig og vil bli å få kjøpe på årsmøte.

Elles har laget vert i kontakt med Sogn og Fjordane Turlag, som er underordna Den Norske Turistforening, gjennom først eit møte på Skei i haust, og no i januar var det årsmøte. Der var sak nr 6 "Opptak av Keipen Turlag som nytt medlemslag i SFT". Resultatet vart einstemmig og vi er hjarteleg velkomne om årsmøtet vårt vil det.

I fjar hadde vi eit eige turprogram, men frå i år av vil vi ha våre turar saman med SFT. Dette vil bli eit eige hefte der alle lokallaga har sine turar oppført.

Dette er det eg kjem på som kan vere av interesse i ei slik årsberetning. Det er truleg ting eg har gløymt, tilgje meg for det, det er fyrste gongen.

Som leiar fyrste året vil eg nyte høvet til å takke styret for eit godt og lærerikt samarbeid. Så vil eg takke for laget til alle andre som har vert med på våre turar. Av familiære grunnar vil eg lite truleg bli å finne på årsmøtet i år. Av dei same grunnane har eg/vi kome fram til at eg trekkjer meg frå styret. Ønskjer laget og styret lykke til med drifta framover.

God tur


Bjørn Dahl
-leiar-

Styret;

Bjørn Dahl,
6930 SVELGEN

Hans Bakke,
6730 DAVIK

Kirsten Grotle,
6910 BREMANGER

Magnus Nødset,
6913 KALVÅG

Varamedl;

Inge Paulsen,
6730 DAVIK

Turi Olderheim,
6930 SVELGEN

Olga Aarnes,
6932 KJELKENES

Synnøve Rebni,
6930 SVELGEN

Leif Valberg,
6930 SVELGEN.